



Arkivnr: 2018/12192-1

Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	89/18	15.08.2018
Fylkesutvalet		30.08.2018

Endring i elbiltakstar på ferje**Samandrag**

Samferdselsdepartementet har fatta vedtak om ny nasjonal regel for taksering av nullutsleppskøyretøy som medfører at taksten for nullutsleppskøyretøy skal kunne rabatterast med ulike rabattordninger på lik linje med konvensjonelle køyretøy. Regelen inneber at ferjeinntekter for nullutsleppskøyretøy vil bli redusert. Fylkesrådmannen vurderer at fylkeskommunen er nøydd til å etterkome departementet sitt pålegg og rår til at regelen vert innført i Hordaland med verknad fra 15.09.18.

Økonomi: Saka har negativ innverknad på fylkeskommunen sine inntekter frå ferjedrifta

Klima: Saka vil gjere bruk av nullutsleppskøyretøy meir attraktivt og såleis kunne positiv innverknad på klima

Folkehelse: Saka vil neppe påverke folkehelsearbeidet

Regional planstrategi: Saka vil ikkje påverke arbeidet med regional planstrategi

Forslag til vedtak

Takstreglane for ferje i Hordaland vert med verknad frå 15.09.18 endra slik:

Nullutsleppskøyretøy skal ha 50% rabatt i høve tilsvarende stort konvensjonelt køyretøy og taksten for nullutsleppskøyretøy skal kunne rabatterast med ulike rabattordninger på lik linje med konvensjonelle køyretøy

Kristine Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.06.2018

I samband med handsaming av budsjettet for 2016 vedtok Hordaland fylkesting å oppheve betalingsfrifaket for elbil på ferjene og innførte halv pris for elbilar med verknad fra 01.01.16.

Samferdselsdepartementet har i brev av 07.06.18 oversendt rundskriv om ny nasjonal regel for taksering av nullutsleppskøyretøy på offentlige samband. I rundskrivet skriv departementet mellom anna følgjande:

«Med hjemmel i forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) § 29, fastsatt med hjemmel i yrkestransportloven, innfører Samferdselsdepartementet følgende nasjonale regel for taksering av nullutslippskjøretøy på offentlige ferjesamband:

«Nullutslippskjøretøy (fellesbetegnelsen på el- og hydrogenkjøretøy) skal ikke betale mer enn maksimalt 50 pst. av takstene for tilsvarende stort konvensjonelt kjøretøy på ferje. Taksten for nullutslippskjøretøy skal kunne rabatteres med ulike rabattordninger på lik linje med konvensjonelle kjøretøy.»

Den nasjonale regelen innebærer at takstene for nullutslippskjøretøy vil variere mellom 0 og 50 pst. av taksten for tilsvarende stort konvensjonelt kjøretøy på ferje, inkl. fører. Den enkelte takstmyndighet har frihet til å fastsette taksten for nullutslippskjøretøy innenfor dette intervallet. Det ytes ordinære rabatter på denne prisen.»

Som nemnt innleiingsvis har Hordaland i dag 50% rabatt på elbil. Vedtaket sin verknad for Hordaland er såleis avgrensa til at denne rabatten også skal omfatte hydrogenkjøretøy og at det i tillegg skal ytast ordinære rabatter på den allereie rabatterte prisen. Sistnemnte vil bety at eigar av nullutsleppskøyretøy som kjøper verdikort kan oppnå 75% rabatt i høve full pris.

I dei nye ferjekontraktane, som er bruttokontraktar, vil dette vedtaket ha direkte verknad på fylkeskommunen sine inntekter. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om omfanget av dette inntektstapet ettersom dette vil avhenge av den framtidige andelen av nullutsleppskøyretøy. Det er imidlertid grunn til å tru at andelen vil bli aukande i åra framover. Dersom vi baserer oss på dagens andel nullutsleppskøyretøy og legg til grunn at samtlege av desse eigarane går over til verdikort vil det årlege inntektstapet ligge på om lag 3,5 MNOK pr. år. I Hordaland er det sambandet Krokeide – Hufthamar som har den desidert største elbilandelen i dag. For dette sambandet åleine vil inntektstapet, basert på nemnte føresetnader, ligge på 1,5 MNOK pr. år. Ettersom dette er eit samband der ny bruttokontrakt allereie er igangsett, vil inntektstapet for fylkeskommunen få umiddelbar verknad her.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen finn det uheldig at Samferdselsdepartementet gjev pålegg som har direkte konsekvensar for fylkeskommunen sine ferjeinntekter utan at det samtid følger med pengar for å dekkje dette tapet. Fylkesrådmannen kan imidlertid ikkje sjå at ein har anna val enn å etterkome dette pålegget.

I pålegget vert det gjeve handlingsrom til å fastsette om taksten for nullutsleppskøyretøy skal ligge mellom 0 og 50% av taksten for tilsvarende stort konvensjonelt kjøretøy. Fylkesrådmannen tilrår at Hordaland held fast på 50% som i dag.

For å sikre tilstrekkeleg tid til å informere ut om dei nye takstreglane vert det tilrådd at desse trer i kraft i Hordaland med verknad fra 15.09.18.